

# **FORSKRIFT OM VASS – OG AVLAUPSGEBYR I OS KOMMUNE**

Denne forskrifta er vedteken av Os kommunestyre i møte den 30.10.2012 med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 01.07.2012 og «Forskrift om begrensing av forurensing» av 01.06.2004, Kap.16.

1. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 01.07.2012
2. Forskrift av 01.06. 2004 nr. 931 om begrensing av forurensing, kapittel 16.
3. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Os kommune (dette dokumentet)
4. Øvrige dokumenter
  - Gjeldande Normalreglement for sanitæranlegg (Tekniske og administrative bestemmelser)

## Innhold

1	Virkeområde .....	3
1.1	Definisjonar .....	3
1.2	Gebyrtypar .....	4
1.3	Fritidsbustader .....	4
2	Eingongsgebyr for tilknytning .....	4
2.1	Gebyrplikt.....	4
2.2	Gebyrsats .....	5
2.3	Ansvar og betalingsfrist .....	5
3	Årsgebyr .....	5
3.1	Gebyrplikt og iverksetting.....	5
3.2	Eigedom utan godkjend tilknytning eller fråkopling .....	5
3.3	Ansvar for gebyra .....	6
3.4	Utforming av gebyra .....	6
3.5	Ansvar for opplysningar om abonnement .....	6
3.6	Utrekning av gebyr .....	6
3.7	Forbruksgebyr etter stipulert vassforbruk, bustadeigedomar.....	6
3.8	Betaling etter målt forbruk .....	7
3.9	Retting av feil gebyrberekning .....	7
3.10	Gebyrreduksjon i medhald av kommunens avtalevilkår .....	7
3.11	Mellombels tilkopling .....	8
3.12	Fritak i årsgebyret ved mellombels fråkopling.....	8
4	Bruk av vassmålar .....	8
4.1	Installasjon .....	8
4.2	Eigarforhold.....	8
4.3	Kostnader .....	8
4.4	Avlesing av vassmålar .....	8
4.5	Tilsyn og vedlikehald.....	9
4.6	Avrekning ved feilmåling.....	9
5	Avslutting av abonnement .....	9
6	Utrekning av gebyr, gebyrregulativ.....	9
7	Innkrevjing av gebyr og renter.....	9
8	Sakshandsaming / Klage.....	9
9	Iverksetting av ny og opphøyr av tidlegare forskrift .....	10

# 1 Virkeområde

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent i punkt 1.1. Forskrifta fastset utrekningsmåte og innbetaling av dei kommunale gebyra for vass- og avlaups tenestene.

## 1.1 Definisjonar

- **Abonnent:**  
Eigar av eigedom som er tilknytt kommunens vassforsynings- og/eller avlaupsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt, direkte eller gjennom privat fellesleidning. For bortfesta eigedom betalar festaren i staden for grunneigaren.  
  
Festar av fast eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig bygningar som er plassert på tomten, og brukar festerett slik det går fram av tomtefestelova.
- **Abonnementsgebyr**  
Årsgebyrets faste del, som skal dekkja ein del av kommunens faste kostnader for vass- og/eller avlaupstenester.
- **Forbruksgebyr**  
Årsgebyrets variable del som vert betalt etter forbruk (målt eller stipulert)
- **Årsgebyr**  
Det samla gebyr som vert betalt årleg for kommunens vass- og/eller avlaupstenester. I årsgebyret inngår abonnementsgebyr, forbruksgebyr og evt. leige av vassmålar.
- **Eingongsgebyr for tilknytning**  
Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avlaupstenester til kommunal leidning.
- **Gebyrregulativet/avgiftsbudsjett**  
Kommunens gjeldande prisoversikt for vass- og avlaupsgebyr.
- **Stipulert forbruk**  
Primært forventa forbruk hos ein abonnent fastsett ut frå bebygd areal.
- **Bruksareal (BRA) etter NS 3490**
- **Eigedom**  
Fast eigedom registrert som sjølvstendig bueining i Matrikkelen. Seksjon etablert i tråd med til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- **Bueining**  
Bustad eller fritidsbustad med separat inngang, eitt eller fleire opphaldsrom, kjøkkendel og bad eller wc.

- **Næringseining**  
Næringseining er sjølvstendig lokale som vert nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd. Næringseining omfattar alle andre bygg enn bustadbygg, også frisørsalongar, familiebarnehagar m.m. i private bustader.  
Abonnementsgebyr vert rekna etter tal på næringsverksemdar i bygget.  
Forbruksgebyr skal betalast etter målt forbruk
- **Privat felleleidning**  
Privat leidning eigd i fellesskap av abonnentar som er tilknytt det kommunale leidningsnettlet via den felles private stikkeleidningen.
- **Sanitærreglement**  
Føresegner som tek omsyn til det gjensidige ansvarstilhøvet mellom kommune som eigar av vatn- og avlaupsanlegg / tenesteleverandør, og den einskilde abonnent.

## 1.2 Gebyrtypar

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vatn og avlaup:

- Eingongsgebyr for tilknytning
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for mellombels tilknytning
- Gebyr for plombering, stenging og gjenopning av vassforsyning
- Gebyr for leige av vassmålar
- Gebyr for kontroll av vassmålar

Gebyratsane i Os kommune går fram av kommunens gebyrregulativ, fastsett årleg av kommunestyret. Gebyratsane kan ikkje klagast på.

## 1.3 Fritidsbustader

For fritidsbustader gjeld same reglar som for bustader.

# 2 Eingongsgebyr for tilknytning

## 2.1 Gebyrplikt

Tilknytingsgebyr skal betalast :

- Ved oppføring av nybygg som blir tilknytt offentleg vass- og/eller avlaupsleidning
- Tilleggsgebyr vert kravd ved tilbygg som aukar bygningens bruksareal  
Tilleggsgebyr vert kravd ved auke i talet på bueiningar (seksjonering)
- Eksisterande bygg som vert tilknytt eller som kommunen krev tilknytt
- Eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend
- Annan permanent tilknytning til kommunalt vatn- eller avlaupsanlegg, t.d. vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg, sumarvatn, m.v.

Eingongsgebyret for tilknytning vert ikkje betalt i følgjande tilfelle:

- Bygg med mellombels tilknytning, t.d. brakkerigg. Kommunen kan fastsetja tidslengd for tilknytninga.

- Særskilt tilknytning av sprinklaranlegg

Tilknytingsgebyr skal vera betalt før fysisk tilknytning skjer. Dette gjeld både nye og eksisterande bygg som krev eiga tilknytning. Eingongsgebyret skal fakturerast etter gjeldande gebyrregulativ når søknad om igangsetting/sanitærabonnement (røyrleggjarmelding) vert godkjend.

## **2.2 Gebyrsats**

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år vert fastsett av kommunestyret.

Gebyrsatsen skal vera det som var gjeldande gebyrsats då kommunen tok imot komplett byggjesøknad eller søknad om tilknytning/sanitærabonnement (røyrleggjarmelding).

For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, vert tilknytingsgebyr betalt etter gjeldande sats på det tidspunkt kravet vart sett fram.

## **2.3 Ansvar og betalingsfrist**

Abonnten har ansvaret for betaling av eingongsgebyret for tilknytning. Gebyret skal vera betalt når tilknytning skjer.

I særskilte høve kan ein søka om å utsetja betalinga av eingongsgebyr i inntil eitt år.

# **3 Årsgebyr**

## **3.1 Gebyrplikt og iverksetting**

Årsgebyr skal betalast for alle eigedommar som

- er tilknytt kommunal vass- og/eller avlaupsleidning, direkte eller via privat leidning
- er pålagt tilknytning i medhald av lov, og fristen for tilknytning er gått ut

Årsgebyret skal reknast frå og med den dagen eigedomen er tilknytt offentleg leidningsnett. Ved godkjent røyrleggjarmelding eller ferdigattest.

Dersom vasslevering til eigedomen sluttar, skal det betalast gebyr til den dagen vassleidningen er fysisk kopla frå.

## **3.2 Eigedom utan godkjend tilknytning eller fråkopling**

Er ikkje tilknytning godkjend av kommunen, skal abonnten betale gebyr frå og med det tidspunkt tilknytninga fann stad. Har kommunen ikkje anna berekningsgrunnlag, vert gebyret sett etter skjønn. Slik berekning betyr ikkje at kommunen har godkjend tilknytninga.

Er fråkopling ikkje godkjent av kommunen, skal abonnten betale gebyr inntil fråkoplinga er godkjend.

### **3.3 Ansvar for gebyra**

Abonnten har ansvar for betaling av gebyr, uavhengig av om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

Abonntar som samarbeider om felles vassmålar er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter Lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for høvesvis del av gebyret i tråd med eigarandel, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameigets vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

### **3.4 Utforming av gebyra**

Det vert rekna årsgebyr for vassforsyning og avlaup med:

- Ein fast del (abonnementsgebyr)
- Ein mengdeavhengig del (forbruksgebyr)

Mengdeavhengig del vert rekna etter målt eller stipulert forbruk, som vassforbruk i m<sup>3</sup>.

### **3.5 Ansvar for opplysningar om abonnement**

Abonnten har ansvar for at kommunen har korrekte data om abonnementsforholdet.

Abonnten skal melda om endringar i abonnementsforholdet til kommunen. Inntil kommunen har tatt imot melding, skal abonnenten betale gebyr som før.

### **3.6 Utrekning av gebyr**

Same forbruk i m<sup>3</sup> vert lagt til grunn ved utrekning av både vassgebyr og avlaupsgebyr.

Vassforbruk til sprinklaranlegg er ikkje gebyrpliktig.

Fråflytting eller fråvær gjev ikkje grunnlag for fråtrekk i gebyr. Er bygg på eigdommen fjerna eller øydelagt på ein slik måte at den ikkje kan nyttast, skal det betalast fastledd inntil stikkleidning er kopla frå hovudleidning.

Dersom avlaupsmengda ein abonnent har er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan årsgebyret (forbruksgebyret) for avlaup bli rekna ut på grunnlag av stipulert avlaupsmengde, eventuelt kan avlaupsmengda målast særskild.

Dersom avlaupsvatn skil seg frå vanleg hushaldsavlaup og aukar kostnaden på drift og vedlikehald av kommunens avlaupsanlegg, kan kommunen fastsetje eit tillegg til avlaupsgebyret til dekking av meirkostnadane. I desse tilfella skal det gjerast separat avtale med kommunen.

### **3.7 Forbruksgebyr etter stipulert vassforbruk, bustadeigedomar**

Bustader skal betala gebyr etter stipulert forbruk dersom abonnenten eller kommunen ikkje krev at det skal betalast etter målt forbruk.

Stipulert forbruk vert rekna ut i frå bustadens storleik (bruksareal), der det i gebyrregulativet (avgiftsbudsjettet) vert fastsete eit høvetal mellom bruksareal og vassvolum.

Har eigedomen utvendig eller innvendig basseng på over 3m<sup>3</sup>, skal det betalast gebyr etter målt forbruk.

Abonnet som unnlèt å etterkoma Os kommune sine krav om utbetring av vasslekkasjar på private stikkeidningar kan få vassforbruk til eigedomen stipulert ved skjønn.

### **3.8 Betaling etter målt forbruk**

Gebyr etter målt forbruk skal betalast ved:

- Bygg for næringsføremål, offentlege føremål og liknande.
- Bygg for bustad og andre føremål (blandingsbygg)
- Anna anlegg med varig eller mellombels tilknytning (sjå punkt 2).

Bustader har rett til å få montert vassmålar og betala gebyr etter målt forbruk.

Kommunen kan påleggja abonnet med stipulert forbruk etter punkt 3.7 å installera vassmålar og betala gebyr etter målt forbruk.

### **3.9 Retting av feil gebyrberekning**

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen gjerast opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert ikkje dekkja.

Dersom det viser seg at ein abonnet ikkje har meldt ifrå om gebyrpliktige endringar, eller anna som medfører tillegg i gebyret, kan Os kommune gje ekstragebyr frå den datoen som eininga(ne) vart gebyrpliktig (e).

Kan ikkje tidspunktet dokumenterast vert abonneten automatisk kravd gebyr frå 3 år før tilhøvet vart oppdaga/registrert inkl. tilkoplingsgebyr der dette er aktuelt.

### **3.10 Gebyrreduksjon i medhald av kommunens avtalevilkår**

Abonneten har rett til redusert gebyr i desse tilfella:

- Ved ikkje varsla brot i vassforsyninga i meir enn 24 timar
- Ved ikkje varsla brot i vassforsyninga meir enn 2 gonger i løpet av eit kalenderår, og kvart brot varer meir enn 8 timar.
- Når hygienisk kvalitet på vatnet er så dårlig at det må kokast før bruk til drikke eller matlaging.

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast tilhøve på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg.

Generell tilråding om å koka vatn som sikringstiltak etter trykkfall på grunn av reparasjon, spyling, brannslukking m.m. gjev ikkje gebyrreduksjon.

Restriksjonar for vassforbruk, t.d. forbod mot hagevatning, eller kortare avbrot i leveranse av vatn eller mottak av avlaupsvatn, gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Krav om redusert gebyr må fremjast innan 4 veker etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta vedtak om eige tiltak om gebyrreduksjon.

### **3.11 Mellombels tilkopling**

Mellombels tilkopling gjeld bygg/anlegg som har innlagt vatn og/eller har utslepp av avlaup til offentleg nett der bygg/anlegg berre skal nyttast ein avgrensa periode.

Gebyret vert fastsett etter dei reglar som gjeld for årsgebyr for næringsverksemd.

Gebyr for mellombels tilkopling går fram av gebyrregulativet som kvart år vert fastsett av kommunestyret.

Mellombels tilkopling gjeld for inntil eitt år.

### **3.12 Fritak i årsgebyret ved mellombels fråkopling**

Dersom ein eigedom/bueining/verksemd i minst eitt år blir fysisk fråkopla det offentlege vass- og/ eller avlaupsnettet, kan abonnenten etter søknad få fritak for gebyret i denne perioden. Fråkopling må utførast av godkjend røyrleggjar (røyrleggjarmelding skal sendast kommunen).

## **4 Bruk av vassmålar**

### **4.1 Installasjon**

Kommunen vedtek:

- Kor mange vassmålarar den einskilde abonnent skal ha
- Type, storleik og plassering
- Kva tid målar skal installerast

### **4.2 Eigarforhold**

Vassmålaren er kommunens eigedom, om ikkje annan ordning er avtalt med kommunen.

### **4.3 Kostnader**

Vassmålar som skal nyttast som grunnlag for berekning av årsgebyr, vert betalt av kommunen. Vassmålar ut over dette skal betalast av abonnenten.

Installasjon av vassmålar skal betalast av abonnenten.

### **4.4 Avlesing av vassmålar**

Abbonnten skal lesa av vassmålaren så nært tidspunkt for avrekning som mogeleg.



Vert ikkje målarer lest av, kan kommunen fastsetja årsgebyret etter skjønn.

#### **4.5 Tilsyn og vedlikehald**

Abonnetten skal halda målarer lett tilgjengeleg for avlesing og vedlikehald. Abonnetten skal føra tilsyn med målarer. Blir ein målar borte eller skadd skal abonnetten straks melda ifrå til kommunen.

Kommunen kan føra tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimera seg.

#### **4.6 Avrekning ved feilmåling**

Dersom målarer ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnetten krav på tilbakebetaling for feilmålinga.

### **5 Avslutting av abonnement**

Abonnementet vert først avslutta når det er motteke melding frå godkjent røyrleggjar om at stikkleidning er kopla frå / tilkoplingspunktet er plombert.

### **6 Utrekning av gebyr, gebyrregulativ**

I Os kommune er det vedteke at det skal vera full kostnadsdekning for vatn og avlaup i kommunen. Det vil seia at alle kostnader som Os kommune har til utbygging, drift og vedlikehald på vass- og avlaupsområde skal dekkjast gjennom inntekter frå gebyra.

### **7 Innkrevjing av gebyr og renter.**

Vass- og avlaupsgebyr med tillegg av renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova §6-1. Både årsgebyr og eingongsgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane for innkrevjing av skatt.

### **8 Sakshandsaming / Klage.**

Storleiken på gebyra (gebyrregulativet ) vert fastsett av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan klagast på, jfr. kap.7 i forvaltningslova.

Avgjerd etter denne forskrifta, som er einskildvedtak, følgjer retningslinene i kap.4-6 i forvaltningslova. Slike vedtak kan klagast på.

Klagen skal sendast til Os kommune og klagefristen er 3 veker.

Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, vert den send over til Klagenemda som gjer endeleg vedtak.

## **9 Iverksetting av ny og opphøyr av tidlegare forskrift**

Denne forskrifta trer i kraft 01.01.2013.

Frå same tid opphøyrer kommunen sine **forskrifter for vass- og avlaupsavgifter**, gjeldande frå 01.01.1991, vedteke av Os kommunestyre 11.12.1990.